



Seks av dei sju ved 40-årsmarkeringa. Frå venstre Solveig, Herdis, Liv, Brit, Olga og Aslaug, Magni var ikkje med på turen.(Foto: Jan Henrik).

Klubben "Seven up" i Uskedalen er 40 år og det vart feira på Ryfylke Fjordhotell på Sand. Han vart starta hausten 1968 med "innvandrarar" frå Bodø, Eivindvik, Røldal, Seimsfoss og Rosendal samt to innfødde.

- Vi har klubbdag annaenklar tysdag på omgang hos kvarandre, skriv medlemmene sin eigen presseteneste. Dei har møttest i allslags ver - plaskregn og snøstorm er ingen hindring. Men det har hendt at veret har vore så gale at mennene til dei som bur lengst vekk har måtta henta konene sine!!

Pressetenesta held fram:

- På klubbkveldar må vertinna " strigla" huset og laga ein tre-rettars meny for at vi andre skal få ein koselig kveld med drøs,

Sosialt samvær med latterdøra open er balsam for sjel og kropp.

Mennene våre, som mirakuløst er dei same endå, trer støttande til med førebuinga (støvsuging m.m.). Før tok det 2-3 dagar, men no er det ikkje uvanleg at det strekkjer seg over veker

Damene set pris på hjelp og tek mennene med på frå ein til to dagars hotellopphald ca. ein gang i året.

Ved 40-årsmarkeringa var det flott julebord, dans til levande musikk og topp stemning til ut i "de små timar".

Harald heldt tale og delte ut roser.Godorda stod i kø og vi solte oss i glansen!

- Det seier seg sjølv at vi har det utrolig kjekt i lag og håper på ny feiring i mange år framover, sluttar rapporten.